

## Referat FAU, Marvik skule - 15. Januar 2024

Tilstade:

- Rektor
- Albrigt Stokka - 1.klasse
- Elisabeth Bjørkhaug - 2.klasse
- Albrigt Stokka - 3.klasse
- Atle Tveita - 4.klasse
- Finn Rosland - 5.klasse
- Elisabeth Bjørkhaug - 6.klasse
- Susanne Log – 7. Klasse

Leiar: Elisabeth Bjørkhaug

Referent: Susanne Log

Sak 1/24

### **Oppfølging av ekstern vurdering. Orientering av rektor**

Skulen jobbar med oppfølging av ekstern vurdering og eit trygt og godt skulemiljø. Det blir blant anna jobba med felles prinsipp for oppfølging når ein elev ikkje har det trygt og godt. Rektor påpeiker at det er viktig med fokus på korleis skulepersonalet møter elevane i skulekvardagen, og korleis dette sørger for ein god skuledag.

Per no har skulen fokus på inkludering i friminutta.

Aktivitetsplanen (9a) er formalisert. Skulen jobbar også med Suldalskulane sin felles rettleiar for eit trygt og godt skulemiljø, samt tiltaks tiltaksplanar.

FAU vil gjerne bli involvert i skulen sitt utviklingsarbeid. Rektor publiserer difor plan for utviklingsarbeidet for året når det er klart – til orientering.

Sak 2/24

### **Lærerkabalen våren 2024. Orientering av rektor**

Skulen har behov for å få stabilitet i personalkabalen generelt denne våren. Skulen manglar også fleire kvalifiserte lærarar, og har ute ledig stilling no.

FAU synleggjer at ein må jobba «kreativt» for å rekruttera. FAU og rektor diskuterte ulike måtar for korleis ein kan løysa dette.

Sak 3/24

### **SFO**

SFO er en utfordring, med tanke på å bemanna hensiktsmessig. Skulen strevjar med å tilsetta nok kompetanse, og treng kompetansen i skulen. Då er det utfordrande å bemanna to tilsette i SFO, på dagar der det kjem lite barn. Skulen ønsker med bakgrunn i dette at foreldra melder inn kva dagar barnet kjem på SFO.

Skulen jobbar no med ei framtidig SFO-løysing – og kjem tilbake til foreldra med ei skisse på korleis dette kan sjå ut – både med tanke på det pedagogiske innhaldet, og korleis ein praktisk kan løysa eit godt tilbud.

Sak 4/24

### **Ymse**

Skulen inviterer føresette til jentegruppa i skulen til eit felles temamøte. Onsdag 24. Januar kl 17.15 på Marvik skule

### **Karneval i Februar**

FAU inviterer til karneval 6. Februar kl. 1800-1930 på skulen (FAU arrangerer). Føresette blir invitert med på foreldrekafe som eit inkluderingstiltak, mens elevane er på karneval.